

Protokoll frå årsmøte i Edru Livsstil Nordhordland

Tid: Onsdag, 27.februar 2019 kl.18.00

Stad: Knarvikparken, Kvassnesv. 57, Isdalstø

Seks medlemmer var til stades under møtet. Det vart servering av pizza og brus.

Sak 1 a. Godkjenning av innkalling

Alle medlemmer har fått innkalling enten via e-post eller brev i posten. Det er også informasjon om årsmøtet på DNT – Edru Livsstil si Facebook side som arrangement.

Vedtak: *Innkallinga vart godkjend.*

b. Konstituering;

- i. Val av møteleiar: Sissel Anny Hjelmtveit
- ii. Val av skriver: Marit Barene
- iii. Val av to protokollunderskrivarar: Kjell Olav Hjellum og Sverre Solberg

Vedtak: *Forslaga vart godkjend.*

Sak 2 Årsmelding 2018

Vedtak: *Årsmeldinga vart godkjend.*

Sak 3 Rekneskap 2018

Rekneskapen er godkjend og signert av vald revisor på sist årsmøte, Sven Ove Egeland.

Ein vart oppmoda til å søkje både Sparebanken 1 Vest og Gjensidigestiftelsen for inneverande år. Det er og naturleg å søkje om støtte frå Actis Horda til aktivitet, til dømes *Knarvikmila*. Og sjølvklart Horda distrikt.

Kontingent er fastsett i tråd med landsmøtevedtak. Lokallaget får frå 2019 att kr.50,- per betalte medlem året før.

Vedtak: *Rekneskapen vart godkjend. Styret arbeider med søknader.*

Sak 4 Arbeidsplan og budsjett 2019

Vedtak: *Styret får fullmakt til å lage arbeidsplan. Me satsar på verving og samlande tiltak, gjerne i samarbeid med andre aktørar. Me prøver å kome med alkoholpolitiske innspel inn mot kommunevalet samanslåinga av kommunane til nye Alver kommune. Budsjettet speglar seg i arbeidsplanen og andre tiltak.*

Sak 5 Val
Leiar

Skal veljast for eit år

Marit Barene
Kjell Olav Hjellum
Tre styremedlemer

Vart vald for to år sist, er ikkje på val
Vart vald for to år sist, er ikkje på val
på val for to år

Vedtak: *Sissel Anny Hjelmtveit vart vald til leiar for eitt år.
Kjetil Willie Jacobsen vart vald for to nye år, 2019 – 2020.
Styret får fullmakt til å få inn eit ekstra styreremedlem og ev. ein vara.
Frank Erik Henriksen vart vald til revisor.*

Årsmøtet gir prokura til leiar Sissel Anny Hjelmtveit og kasserer Kjetil Wille Jacobsen.

Sak 6

Eventuelt

- a. Utsending til årsmøte i Edru Livsstil Horda distrikt laurdag, 9.mars kl.11.00.
- b. Utsending til Landsmøtet 21.-23.juni 2019 på Klepp.
- c. Drøfting om saker til landsmøtet. Frist for innsending av saker til landsstyret er 1.april. Når landet nå får nye kommune- og fylkesgrenser, og kommunar og fylker vert slått saman, bør også DNT – Edru Livsstil gjere det same. For to år sidan sende laget inn sak om nedlegging av distrikt til landsmøtet. Saken vert bede tatt opp på landsmøtet 2019.

Vedtak: *a. Kjell Olav er utsending.
b. Styret får fullmakt til å velje utsending.
c. Laget opprettheld same endringsforslag til § 12 Distriktene som vi sende inn til landsmøtet i Molde 23.- 25. juni 2017 der det var gjort vedtak som følgjer:
«Det skal legges fram en utredning om organisasjonsstrukturen på neste landsmøte.»*

Årsmøtet overrekte gåve til Sissel Anny i samband med hennar 75-årsdag.

Møtet vart avslutta kl. 19.30.

Etter møtet hadde organisasjonskonsulent Øst-Norge, Magne Richardsen innleing om lokal alkoholpolitikk. Det vart gode drøftingar.


Marit Barene/s

Referent

Signatur



Sverre Solberg



Kjell Olav Hjellum